

## Velkommen som utstillar på Jul i Rosendal 2018.

Marknaden er open for publikum kl 10-16 laurdag 1.des.

Boden din skal framstå som fin heile opningstida.

Vi ber om at ingen ryddar eller avsluttar boden sin før marknaden stengjer.



Bakvegg i boden er mur.  
Vi set opp vindsperrer av tre der det ikkje er heil vegg frå før.  
Veggene i boden er av stål.  
Det vil vera ei lekte av tre i framkant av boden. Denne er pynta med grønt og ljoslénke.  
Det er og ei tre-lekte i bakkant som du kan feste lette ting i. (ikkje med p bilete)

Det vert intil 2 m. mellom veggene.  
Veggene er 2.0 m. høge x 2.20.  
Det vil seie golv plass på omlag 2m x 2,20 m.



Det er fleire måtar du kan vise produkta dine på. Til dømes ta med deg ei hengje-stong som du kan leggje oppå mellom veggene og lektene på skrå. Du kan og nytte klessnor på tvers av boden eller langs vegg. Eller kjøp dørknagg på ikea som du heng over kanten på vegg. For nokon passar det å ha med hyller som står på golvet eller å nytta bord.

Bodene vil stå klare fredag 30. nov. kl 17.00. Då kan dei som ynskjer det gjera klar/pynta boden.

Om du har tinga bord og eller stol er det på plass då.

NB! Området stengjer kl 20.00. fredag kveld.

Laurdag opnar området for utstillararar kl 08.00.

Hugs Gode sko og varme sokkar og klede.

Hugs Skøyteledning

Hugs å pynte boden din inni – nytt gjerne lyslénker der og 🎄

NB! Det er ikkje høve til å nytte levande ljós på marknadsområdet.

Vi gler oss til å sjå alt det fine, gode og flotte du har laga.

Spørsmål? Ring Annbjørg Fossberg 990 42 351

Vonar du får kjekke minner frå



### Informasjon om varsling og

### evakuering av marknadsområdet:

Om det vert naudsynt å evakuere forlet du boden din utan opphald.

Ikkje bruk tid på å ta noko med deg. Møt opp for vidare info ved toalettanlegget til bubilplassen.

I tillegg til brannslange plassert i sluse 2 (utgang frå Varehuset) er det plassert ut 15 håndslukkere på området under arrangementet.

I etasjen er det manuelle meldarar ved utgongane.

Rømning vil kunna gjerast 3 vegar; I nord vegg, I vest vegg og i sør inn gjennom Varehuset.

Ved utløyising av manuell meldar vil alarmen høyrast frå alle klokker i heile huset.

Dører i sluse 2 vil automatisk gå igjen, men ikkje i lås. Heisen vil ikkje kunna nyttast